



Storbragd av Sunniva Eik Haave i Nice.

**Sunniva Eik Haave, barnebarnet til Liv og Audun Eik, har i fleire år vore i Norgestoppen i klatredisiplinen buldring. Ho vart også Nordisk meister for junior i fjor. I år har ho teke steget opp i seniorklassen, og framgangen held fram for det 20-årige klatretalentet. Laurdag kveld gjekk ho heilt til topps i den store internasjonale konkurransen Alle A Block 2017 i Nice i Frankrike.**

Dette er ein stor internasjonal konkurranse med svært mange deltakarar frå mange land. Det er knallhard å nå opp i denne tevlinga, og Sunniva var storfornøgd då ho kvalifiserte seg for finalen. Til både glede og overrasking gjekk talentfulle Sunniva, som klatrar for Oslo klatreklubb, heilt til topps i kvinneklassen. Aller hardaste konkurranse fekk ho frå to slovenske jenter. Gledeleg var det også at Tina Hafsaas frå Kolsås klatreklubb fulgte opp med ein sterk 6.plass.

**Resultat:**

1. Sunniva Haave (NOR)
2. Urska Repusic (SLO)
3. Lana Skusek (SLO)
4. Mélanie Sandoz (FRA)
5. Chloé Caulier (BEL)
6. Tina Hafsaas (NOR)

Dei norske herrane klarte seg ikkje like godt. Dei fekk ingen blant dei 6 beste. Vinnaren var frå Slovenia, og elles var det 3 franskmenn, ein frå Sveits og ein frå Spania mellom dei 6 første.

Vi gratulerer Sunniva med bragden!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Privat foto